

Saksprotokoll i 15.01.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Mona Høgli (MDG) sette på vegner av MDG, KrF og SV fram slikt forslag:

«Endring punkt 1:

1. Fylkesutvalet meiner omsynet til kostnader, trafikktryggleik, klimautslepp og miljø tilseier at det ikkje må leggjast opp til unødig høg standard for nasjonale hovudveggar i vegnormalane. Store utfordringar knytt til framkome og tryggleik på hovudvegnettet tilseier at det er viktigare å prioritere betre framkome og trafikktryggleik på større delar av vegnettet enn høgare fart og høgare standard på enkelte strekningar på nasjonale hovudveggar. Fylkesutvalet rår difor til følgjande:
 - a. Fylkesutvalet rår til at det bør leggjast opp til 90 km/t som standardkrav for nasjonale hovudveggar med 2/3-felt for ÅDT mellom 6.000 og 12.00
 - b. Trafikkgrunnlaget som i dag utløyser planer om 4-felts veg (12 000 bilar i døgret) er sett for lågt, det bør vere minst 15000 ÅDT før det utløyser krav om 4-feltsveg.
 - c. Det skal som hovudregel ikkje byggjast kapasitetsaukande 4-felts vegar som fører til ein auke i biltrafikken.
 - d. Når trafikken utløyser krav om 4-felts veg i og rundt storbyene, skal det i vegnormalane verte krav om kollektivfelt.
 - e. Det bør gjeninnførast ei vegklasse med smal 4-felts veg for nasjonale hovudveggar med høg ÅDT, og det er denne som er aktuell dersom det av ulike grunnar blir bygd 4-felts veg på ei strekning. Generelt sett er det i Vestland slik at trafikken er moderat, og godt under 12 000 i ÅDT for alle hovudveggar med unnatak av nokre hovudveggar i Bergensområde. Det er derfor berre på innfartsvegane rundt og inn mot Bergen det er aktuelt med 4-felts motorveg i vårt fylke. Derfor må to av felta då reserverast kollektivtrafikk.
 - f. Det bør ikkje innførast fartsgrense 120 km/t.»

Frank Willy Djuvik (Frp) sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 1 c.:

Vestland Fylkeskommune støttar at ein legg til grunn ein standard på nasjonale hovudveggar som gjer det mogleg å auke fartsgrensene opp til 120 km/t der det er føremålstenleg.»

Avrøysting

Høgli sitt forslag punkt 1 a. fekk 3 røyster (MDG, KrF og SV) og fall.
Høgli sitt forslag punkt 1 b. fekk 5 røyster (MDG, KrF, SV og Sp) og fall.
Høgli sitt forslag punkt 1 c. fekk 3 røyster (MDG, KrF og SV) og fall.
Høgli sitt forslag punkt 1 d. fekk 5 røyster (MDG, KrF, SV og Sp) og fall.
Høgli sitt forslag punkt 1 e og f. fekk 3 røyster (MDG, KrF og SV) og fall.
Fylkesrådmannen si innstilling punkt 1 a. og b. vart vedteke mot 3 røyster (Frp og FNB).
Fylkesrådmannen si innstilling punkt 1 c. vart vedteke med 9 røyster (MDG, KrF, SV, Sp, A) mot Djuvik sitt forslag punkt 1 c., som fekk 6 røyster og fall.
Fylkesrådmannen si innstilling punkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner omsynet til kostnader, trafikktryggleik, klimautslepp og miljø tilseier at det ikkje må leggjast opp til unødig høg standard for nasjonale hovudveggar i vegnormalane. Store utfordringar knytt til framkome og tryggleik på hovudvegnettet tilseier at det er viktigare å prioritere betre framkome og trafikktryggleik på større delar av vegnettet enn høgare fart og høgare standard på enkelte strekningar på nasjonale hovudveggar. Fylkesutvalet rår difor til følgjande:
 - a. Fylkesutvalet rår til at det bør leggjast opp til 90 km/t som standardkrav for nasjonale hovudveggar med 2/3-felt for ÅDT mellom 6.000 og 12.000.
 - b. Det bør gjeninnførast ei vegklasse med smal 4-felts veg for nasjonale hovudveggar med ÅDT mellom 12.000 og 20.000.
 - c. Det bør ikkje innførast fartsgrense 120 km/t.
2. Fylkesutvalet meiner det er behov for å tilpasse vegnettet til lokale forhold ut i frå kostnadsnivå og topografiske forhold, og at det difor er behov for fleksibilitet i praktisering av fråvik frå vegnormalane.
3. Fylkesutvalet meiner fylkeskommunane må vere fråviksmynde på alle tiltak på fylkesveg. Ansvarsprinsippet tilseier at den som har plan- og driftsansvar også må vere den som kan fastsetje unnatak frå vegnormalane når det er føremålstenleg basert på lokale forhold og tilpassingar.